



Kommunenytt

INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE I SKODJE KOMMUNE NR. 115 DESEMBER 2013

Opningstider i jula

Skodje helsesenter

Ekspedisjonstida i romjula (fredag 27.12. og måndag 30.12.):
Kl. 09.00 - 14.00.

Ved behov for øyeblikkeleg legehjelp utanom ekspedisjonstida, kontakt legevakta på tlf. 70 27 03 00. Der er alltid ein lege som har vakt. Eller om det hastar, ring **113**.

Legevakta i Skodje, Stordal og Ørskog

Jul- og nyttårsaftan:
Kl. 09.00 - 15.00.

Laurdag 28.12.:
Kl. 11.00 - 17.00.

Romjula og andre helligdagar jul og nyttår kl. 14.00 - 20.00.

Mellom kl. 22.00 og kl. 08.00 er det legevakta i Ålesund som tek imot henvendingane, men ein kan nytte same telefonnummer som på kveld og helg: 70 27 03 00.

Rådhuset

Torsdag 19. desember og fredag 27. desember er ekspedisjonstida kl. 9.00 - 14.00.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar utanom ekspedisjonstidene, men bemaninga kan vere redusert desse dagane.

Jul- og nyttårsaftan: Stengt

Biblioteket

Siste opningsdag før jul:
Fredag 20. desember.

Første opningsdag etter jul:
Torsdag 2. januar.

**God Jul
og
Godt Nytt År!**

Informasjon frå rådmannen til innbyggjarane i Skodje kommune

Skodje kommune er i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon. Over tid har det etablert seg eit misforhold mellom inntekter og utgifter som ikkje er berekraftig.

Årsakene til dette er fleire, men utfordringane med å vere ei vekstkommune, fråfall av finansinntekter og endringar i momskompensasjonsordninga, er viktige faktorar.

Dersom vi ikkje snarleg gjer nødvendige grep, vil dette utvikle seg til ei økonomisk krise.

Skodje kommune må difor inn i ein omfattande endringsprosess i åra som kjem. Denne endringsprosessen er nødvendig skal kommunen overleve økonomisk.

Endringsprosessen vil påverke innbyggjarar og tilsette i kommunen. Rådmannen melder med dette at det vert nødvendig å redusere tenestetilbodet på fleire område. I samarbeid med politikarane vil ein gjennomføre dette på ein så skånsam måte som mogleg. Trass i dette vil mange oppleve at det ein tidlegare har fått tilbod om vert redusert eller fell bort.

Formannskapet foreslår til kommunestyret at ein ved bruk av fondsmidler i drifta, skal nytte fireårsperioden til ein snuoperasjon. Målet er ein sunn og berekraftig økonomi i 2017.

Vi har forståing for at tiltak som påverkar kvardagen til innbyggjarane kan vekke negative reaksjonar, samstundes håper vi på forståing for at ein slik omstillingsprosess er tvingande nødvendig.

Kurs i depresjonsmeistring

Frisklivssentralen startar opp eit nytt kurstilbod 30. januar 2014. KiD, eller Kurs i depresjonsmeistring, er eit førebyggjande tilbod for folk som kjenner seg nedstemt, har depresjon eller har erfaring med symptom på depresjon.

Målet er å avgrense depresjonen i form av varighet, intensitet, nedsett fungering i kvardagen og å førebyggje tilbakefall.

Kurset baserer seg på kognitiv adferdsteori. Kognitiv betyr tenkning. Kursdeltakarane lærer seg ein metode og teknikkar som dei sjølve skal ta i bruk for å endre uhensiktsmessige tanke- og følelsesmønster, som igjen påverkar kjenslene våre.

Depresjon vert karakterisert av energitap og fråver av positive kjensler. 1 av 5 nordmenn vil

erfare periodar med depresjon, og det er stor risiko for tilbakefall. KiD er eit konstruktivt tiltak som vil vere med å hjelpe den enkelte til å meistre depresjon.

Ved ynskje om deltaking, ta kontakt med kurshaldarar Mona Dahl og Aase Kristine Bolstad, fastlege, eller frisklivssentralen.

KiD
Kurs i depresjonsmeistring

Høring - Planprogram for kommuneplan for Skodje 2014-2024

Skodje kommunestyre har vedteke å starte arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogram for dette arbeidet ligg no ute til offentlig ettersyn.

Frist for innspel er sett til 3. januar 2014.

Kommuneplan for Skodje 2014-2024 - (samfunnsdelen) er det overordna styringsdokument for kommunen. Den skal ta stilling til langsiktige utfordringar, og fastsette mål og strategiar for utviklinga av kommunen.

Kommuneplanen skal vere grunnlag for sektorane si planlegging, synleggjere aktivitetsområde og prioritering av ressursar.

Planprogram skal avklare kva spørsmål det skal arbeidast med i planarbeidet, og korleis arbeidet med rullering av samfunnsdelen skal gjennomførast.

Innspel skal vere skriftlege, og skal sendast Skodje kommune, 6260 Skodje.

Les meir på skodje.kommune.no, under Service og tenester -> Tekniske tenester -> Offentleg ettersyn / kunngjeringar

Brannvern

I denne tida, med mykje bruk av levande lys, er det særst viktig å vise varsemd.

Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarslaren før julekvelden.
2. Test røykvarslaren ein gong kvar månad.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk brannvernutstyr, som brannsløkkingsapparat og slange.

Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset, helst grovt, kast saltet over glørne i omnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

Melding om brann: Tlf. 110

Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling har motteke ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar og langs/på kommunale vegar.

Dette er eit stort problem for renovasjonsbilane og brøytemannskapa, og det kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 18. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 11. mars.

Vil du sjå dine krav og betalningar?

Skatteetaten tilbyr no ei teneste i Altinn som gjer det mogleg å sjå på eigne krav og betalningar mellom deg som skattytar og den lokale skatteoppkrevjaren.

Tenesta gir deg ei oversikt over følgjande:

- alle inn- og utbetalningar mellom deg og skatteoppkrevjaren
- alle krav som er under fire år gamle, samt eldre krav dersom dei framleis ikkje er betalt

- betalingsdetaljar for krav og inn- og utbetalningar

Du vil ikkje kunne sjå forskottstrekk (skatte-trekk i løn frå arbeidsgjevar) i denne oversikta. Ver også merksam på at det kan ta et par dagar før eventuell innbetaling er tilgjengeleg i oversikta over inn- og utbetalningar.

Dersom du meiner det er feil eller avvik i di oversikt, må du ta kontakt med skatteoppkrevjaren.



Dette skjer

Juletreffest

på Fagerheim

sundag 29. desember kl. 15 - 17

God, gamaldags juletreffest for heile familien, med gang rundt juletreet og program.

Litt å bite i får vi - og kanskje kjem Nissen...

Arr.: Skodje Frilynde U.L.

Årsmøte BIG - barneidrettsgruppa

Onsdag 15. januar 2014 kl. 20.00

Skodje IL, Barneidrettsgruppa Blg, styret

Tlf. 99 711 15 58 - Jorid Sunde



"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no